

03.11.2010

**Hjertefred Kvinnherad som englar under grana**

**Laurdag ettermiddag blir det eit spesielt, timelangt og stemningsfullt program under grana i Uskedalen.**

**Hjertefred Kvinnherad, som var stifta  
i april i år, skal mellom anna dansa kledde som englar.  
Dagen etter  
er Allehelgens sundag og dagen for å minnast dei døde**

Mellom 5 og 10 unge er med på denne sosiale møteplassen, som er ei støttegruppe for born og unge mellom 10 og 18 år som har mista ein av sine nærmeste. Dei møtest ein gong i månaden, vanlegvis i Uskedalen. Dei har fått økonomisk støtte av Kreftforeningen.

Gruppa er forsterka av Aleksandra Sanden, Geir Tore Nordnes og nokre palestinske dansarar, I botn for framsyninga ligg livsmot, fellesskap, glede og håp.og dei lovar både song, spel, dans og dikt - for å hylla dei døde. Dette handlar ikkje om det triste, men om det gode og positive.

Over gruppa som håpar på godt frammøte. Frå venstre Gro Guddal Jansson, Aleksandra Sanden, Christina Hylland fausk, Helene Vik, Inger Helen Hardeland Hjelmeland, Ingeborg Sætre og Thea Vaage.  
(Foto: Kvinnheringen)